

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	18.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/979	14/5932

Delingssak gbnr 36/7 Sætre - tilleggsareal til fritidsbustad - søknad om deling (parsell 1) - klage på vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klage på vedtak HPLT 038/2014 vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket har heimel i forvaltningslova § 33.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det er gjeve avslag på søknad om deling for tilleggsareal til fritidsbustad. Søkjar har i klageskrivet sagt følgjande:

«Slik vedtaket no føreligg vil eg eige parkeringsplass, uteplass og trappeinngang til gnr. 36 bnr 27.

Dette verkar noko urimeleg, og til stor ulempe for eigar av 36/27.

Ber om at saka blir handsama på nytt, og at ein tar befaring på området før eit eventuelt nytt vedtak.»

Vurdering

Eigedomen gnr 36 bnr 27 vart etablert i 1980.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er komme fram nye argument som er relevante i saka eller som ikkje er vurdert i sakshandsaminga og vil rå til at klagen ikkje vert teken til følgje.

Klagesaka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Konklusjon

Det er ikkje komme fram nye argument i saka og rådmannen sitt framlegg til vedtak er å ikkje ta klage til følgje.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 056/2014

PLT - handsaming:

Hovudutvalet si tilråding:

Klage på vedtak HPLT 038/2014 vert delvis teke til følgje. Det vert gjeve løyve til deling etter kart datert 18. juni 2014. Vilkår for delinga er at det frådelte arealet vert overført til gbnr 36/27.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i forvaltningslova § 33, plan- og bygningslova §§ 20-1 m, jf. §§ 19-2 og 11-6, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Hovudutvalet vedtok samrøystes si eiga tilråding.

PLT - vedtak:

Klage på vedtak HPLT 038/2014 vert delvis teke til følgje. Det vert gjeve løyve til deling etter kart datert 18. juni 2014. Vilkår for delinga er at det frådelte arealet vert overført til gbnr 36/27.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i forvaltningslova § 33, plan- og bygningslova §§ 20-1 m, jf. §§ 19-2 og 11-6, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Vedlegg:

Klage på vedtak, stien

Delingssak gbnr 36/7 Sætre - tilleggsareal til fritidsbustad - søknad om deling (parsell 1) - dispensasjon i frå arealføremål i kommuneplan